



Hjortejagarar i Rødslia eit tidlegare år. (Foto: Siv Framnes).

Viltforvaltar Leif Trygve Varanes tippar at Kvinnherad, som er landets største hjortekommune, set ny fellingsrekord dette året. Men han trur ikkje det blir rekord i Uskedalen sjølv om det har vore ei positiv utvikling også der i dei siste åra.

- Fellingstala har gått oppover i Uskedalen etter ein litt svakare periode slik at dei i det siste har lege på det ein kan kalla normalen for kommunen, seier viltforvaltaren til uskedalen.no. Førebels har han fått endeleg rapport om felling av 50 dyr i Uskedalen. Fem av dei åtta valda har sendt inn desse fangstrapportane:

Ljosnes fem av sju tillatt felte dyr.

Rød tre av sju tillatt felte dyr.

Myklebust/Kjærland/Ytre Rød 11 av 17 tillatt felte dyr.

Haugland 17 av 17 tillatt felte dyr.

Døsland 14 av 21 tillatt felte dyr.

Varanes har ennå ikkje fått nokon rapport om jakta i Fjellandsbø-valdet. For Feet/Eik er det rapportert inn fire dyr, men dette er berre halvparten av dei tillatt felte og viltforvaltaren ventar rapport om fleire fellingar, Det gjer han og for Musland, der han så langt har fått melding om at 14 av 21 dyr er felt.

Eigentleg er fristen for å senda inn jaktrapport ti dagar etter siste jaktdagen, som var 15. november. Det hastar med andre ord med å få inn materialet. Totalt for kommunen manglat det framleir 15 rapportar.

Denne sesongen var det gjeve 1.132 fellingsløyve i kommunen, litt fleire enn tidlegare år. Kvinnherad har dei siste åra vore den største hjortekommunen i landet, og dette har truleg ikkje endra seg no i 2006. Det har vore eit godt forsprang til kommunane som har lege som nummer to og tre.

Det har vore ein jamnt over god jakt denne hausten, men det er ynskjeleg med nye og utvida jakktider.

Jakttidene vert oppsette for fem år om gongen og til neste år går ein inn i ein ny femårsperiode. Då kan det bli aktuelt med ei endring.

Kvinnherad ynskjer utvida hjortejakt i begge endar slik at det blir jakta frå 1. september til 1. desember. Då vil ein få betre høve til å ta skadedyra som beitar på innmark tidleg på hausten,

Av Ola Matti Mathisen

